



# Ot.prp. nr. 17

(2006–2007)

## Om lov om endringer i utlendingsloven (DNA-testing og aldersundersøking mv.)

*Tilråding frå Arbeids- og inkluderingsdepartementet av 15. desember 2006,  
godkjend i statsråd same dagen.  
(Regjeringa Stoltenberg II)*

### **1 Hovudinnhaldet i proposisjonen**

Arbeids- og inkluderingsdepartementet legg med dette fram forslag til lov om endringer i lov 24. juni 1988 nr. 64 om utlendingers adgang til riket og deres opphold her (utlendingsloven).

Det blir for det første føreslått å gi ein heimel i utlendingsloven for å vidareføre den praksisen ein i dag har når det gjeld bruk av DNA-testar. Praksisen har i dag rettsleg grunnlag i samtykke. DNA-testar blir nytta for å fastslå om det er gitt korrekte opplysningar om familierelasjonen i saker som gjeld familiesamanføring mellom foreldre og born, og der forholdet ikkje kan dokumenterast på annan måte.

Føresegna om DNA-testing er føreslått som ny § 37 f, og gir heimel for å be («anmode») søkjaren og referansepersonen (personen som søkjaren hevdar å vere i familie med) om å avleggje ein DNA-test.

For det andre blir det føreslått å gi ein heimel i ny § 37 g for å vidareføre praksisen med aldersundersøking. Også denne ordninga har i dag sitt grunnlag i samtykke, og blir i første rekkje nytta i asylsaker, men det er også aktuelt å bruke aldersundersøkingar i saker som gjeld familiesamanføring mellom foreldre og born. Aldersundersøkingane skal gi eit meir solid grunnlag for å avgjere om ein utlending som manglar dokumenta-

sjon for alderen sin, og som oppgir å vere under 18 år, faktisk er mindreårig.

For det tredje blir det føreslått å endre § 27 første ledd bokstav j. Omgrepet «internasjonale forbindelser» blei ved ei inkurie endra til «internasjonale forpliktelser» i samband med ei endring av denne føresegna i lov 30. juni 2006 nr. 37. Ein foreslår derfor å rette internasjonale «forpliktelser» tilbake til internasjonale «forbindelser».

### **2 Heimel for DNA-testing og aldersundersøking**

#### **2.1 Bakgrunn for lovforslaget**

Utlendingslovutvalet legg i si utgreiing NOU 2004:20 Ny utlendingslov til grunn at slikt samtykke som i dag blir innhenta i saker som gjeld DNA-testing og aldersundersøking, kan opplevast som gitt under press om at saka elles vil bli avgjort i søkjaren sin disfavør. Utvalet meiner derfor at det er ønskjeleg med heimel i lov både for DNA-testing og for aldersundersøkingar. I brev av 24. juni 2005 til Utlendingsdirektoratet (UDI) konkluderer Datatilsynet med at det ut frå lov om behandling av personopplysningar 14. april 2000 nr. 31 (personopplysningslova) er nødvendig med heimel i lov i begge desse situasjonane, jf. vedlegg 1. Datatilsynet legg til liks med Utlendingslovutvalet til grunn

at slikt samtykke som ein i dag innhentar, kan oppfatast som gitt under press, og at det derfor ikkje kan reknast som eit frivillig gitt samtykke i samsvar med vilkåret i personopplysningslova § 9 første ledd bokstav a.

Ved høyringsbrev av 23. desember 2004 sende departementet NOU 2004:20 Ny utlendingslov på høyring. Høyringsfristen var 1. juli 2005. Høyringsbrevet blei sendt til desse høyringsinstansane:

Aetat Arbeidsdirektoratet  
 African Youth in Norway  
 Agder bispedømmeråd  
 Akademikerne  
 Amnesty International Norge  
 Antirasistisk Senter  
 Arbeidarpartiet  
 Arbeidsgiverforeningen NAVO  
 Barneombodet  
 Bjørgvin bispedømmeråd  
 Borg bispedømmeråd  
 Datatilsynet  
 Den norske advokatforening  
 Den norske Dommerforening  
 Den norske Helsingforskomiteen  
 Departementa  
 Det mosaiske trossamfunn i Oslo  
 Fagforbundet  
 Fagleg forum for kommunalt flyktningearbeid  
 Flyktningrådet  
 Flyselskapenes landsforening  
 Foreningen for fangers pårørende  
 Forum for menn og omsorg  
 Framstegspartiet  
 Fri rettshjelp, Oslo  
 Hamar bispedømmeråd  
 Handels- og servicenær.hovedorg.  
 Helse Midt-Norge RHF  
 Helse Nord RHF  
 Helse Sør RHF  
 Helse Vest RHF  
 Helse Øst RHF  
 Human Rights Service  
 Høgre  
 Innvandrernes Landsorg.  
 Islamic Cultural Center Norway  
 Islamsk kvinnegruppe Norge (IKN)  
 Islamsk råd  
 Juridisk Rådgivning for kvinner  
 Juss-Buss  
 Jussformidlingen  
 Juss-hjelpe i Midt-Norge  
 Juss-hjelpe i Nord-Norge  
 KIM c/o Utlendingsdirektoratet  
 Kirkens Nødhjelp  
 Kyrkerådet, Mellomkyrkelig råd, samisk kyrkeråd

Kommunenes Sentralforbund  
 Kriesesenter for kvinner i Bergen  
 Kriesesentersekretariatet  
 Kristeleg Folkeparti  
 Kristent Interkulturelt Arbeid  
 Kystpartiet  
 Landbrukets arbeidsgiverforening  
 Landsorganisasjonen i Norge  
 Landsrådet for Norges barne- og ungdomsorganisasjoner  
 Likestillingsombodet  
 Menneskerettighetshuset  
 MIRA Ressurssenter  
 Møre bispedømmeråd  
 Nidaros bispedømmeråd  
 NOAS  
 Nord-Hålogaland bispedømmeråd  
 Norges Frikirkeråd  
 Norges Ingeniørorganisasjon  
 Norges Juristforbund  
 Norges lensmannslag  
 Norges Rederiforbund  
 Noregs Røde Kors  
 Norsk Bedriftsforbund  
 Norsk Folkehjelp  
 Norsk Kommuneforbund  
 Norsk Kriesesenterforbund  
 Næringslivets Hovedorganisasjon  
 Oljearbeiderenes fellesammenslutning  
 OMOD  
 Oslo bispedømmeråd  
 Oslo Katolske Bispedømme  
 Oslo Røde Kors Internasjonale Senter (ORKIS)  
 Politidirektoratet  
 Politiembetsmennesenes landsfor.  
 Politiets Fellesforbund  
 Politiets tryggingsteneste  
 Redd Barna  
 Regjeringsadvokaten  
 Ressurssenter for pakistanske barn  
 Rettspolitisk forening  
 Riksadvokaten  
 Samarbeidsrådet for trus- og livssynssamfunn  
 Selvhjelp for innvandrere og flyktningar  
 Senter for menneskerettigheter  
 Senteret mot etnisk diskriminering  
 Senterpartiet  
 SOS Rasisme  
 Sosialistisk Venstreparti  
 Statens helsetilsyn  
 Statistisk sentralbyrå  
 Stavanger Bispedømmekontor  
 Stortinget sin ombodsmann for forvaltninga  
 Sør-Hålogaland bispedømmeråd  
 Tunsberg bispedømmeråd

UNCHR Stockholm  
 Universitetet i Oslo  
 Utdanningsgruppenes hovedorganisasjon  
 Utenlandsforum  
 Utlendingsdirektoratet  
 Utlendingsnemnda  
 Venstre  
 World Islamic Mission  
 Yrkesorganisasjonenes Sentralforbund

Desse instansane har kome med fråsegner når det gjeld realiteten i forslaga om DNA-testing og aldersundersøking:

Advokatforeningen  
 Amnesty  
 Antirasistisk senter  
 Barneombodet  
 Datatilsynet  
 Juss-Buss  
 Justisdepartementet  
 MiRA Ressurssenter for innvandrere- og flyktningkvinner (MiRA-Senteret)  
 Norsk organisasjon for flyktninger (NOAS)  
 Norsk Folkehjelp  
 Oslo biskop  
 Politidirektoratet  
 PRESS - Redd Barna  
 Utlendingsdirektoratet (UDI)  
 Utlendingsnemnda (UNE)  
 UNHCR

Det blir gjort greie for innhaldet i høyringsfråsegnene i samband med omtalen av dei einskilde lovforslaga nedanfor.

## 2.2 DNA-testing

### 2.2.1 Innleiing

I forhold til mange nasjonalitetsgrupper er det eit problem at det ikkje er mogleg å skaffe til veges ordinære dokument som stadfestar identitet eller familierelasjonar. I andre tilfelle er det grunn til reise tvil ved om dei dokumenta som det er mogleg å få tak i, er ekte, noko som gjer at dei ikkje kan leggjast til grunn som tilfredsstillande stadfesting av identitet eller familierelasjon.

For partane i ei sak om familiesamanføring blir det i dag gitt høve til å avleggje ein DNA-test i dei tilfella der slektskapsforholdet ikkje kan dokumenterast på annan tilfredsstillande måte. Ordninga er ikkje direkte regulert i lov eller forskrift, men er basert på frivillig samtykke frå personane som skal avleggje DNA-testane. Nedanfor blir det drøfta om

det bør etablerast lovheimel for praksisen med DNA-testing.

### 2.2.2 Gjeldande rett og praksis

Justisdepartementet sette hausten 1999 i gang eit prøveprosjekt med DNA-testing av somaliske borgarar som hadde søkt om familiesamanføring. Totalt fekk 873 personar i 212 saker tilbod om DNA-analyse i samband med prøveprosjektet. Ein gjennomgang av sakene avdekte at det i fleire tilfelle (24 % av dei 80 sakene som var ferdiganalyserte då rapporten frå prøveprosjektet blei skriven) var oppgitt ukorrekte biologiske relasjonar. Det var oppgitt ukorrekte opplysningar både om mor/barn-relasjonar (18 % av dei avkrefta relasjonane) og far/barn-relasjonar (59 % av dei avkrefta relasjonane). I 24 % av sakene blei både mor/barn- og far/barn-relasjonen avkrefta, dvs. at ingen av dei oppgitte foreldre/barn-relasjonane blei stadfesta. I tillegg var det mange personar som fekk tilbod om DNA-testing som ikkje møtte fram til testing (53 %).

Ut frå erfaringane frå prøveprosjektet blei det bestemt å innføre tilbod om DNA-testing som ei meir permanent ordning. I dag blir det gitt tilbod om DNA-testing ved ei rad ambassadar som er gjorde operative for slik testing.

I 2004 blei det registrert 1507 DNA-testar. Av desse var 468 frå herbuande og 1039 frå søkjjarar. 98 møtte ikkje fram. Resultata frå testing av relasjonane mor/barn og far/barn i dei ferdiganalyserte sakene viser at ein fekk negativt resultat i 10,2 % av tilfella.

Som grunnlag for DNA-analysane blir det i dag brukt spyttprøver. Sjølve metoden for testing kan derfor ikkje reknast som inngripande. Gjennom ein DNA-test blir det likevel innhenta sensitive personopplysningar, jf. personopplysningslova § 2 nr. 8. Føresegna i § 9 blir då gjord gjeldande. Denne føresegna lyder slik:

- «Sensitive personopplysningar (jf. § 2 nr. 8) kan bare behandles dersom behandlingen oppfyller et av vilkårene i § 8 og,
- a) den registrerte samtykker i behandlingen,
  - b) det er fastsatt i lov at det er adgang til slik behandling [...]

I dag er ordninga med DNA-testing basert på samtykke frå søkjaren og referansepersonen, jf. personopplysningslova § 9 første ledd bokstav a.

I samband med søknaden frå UDI om konsesjon for behandling av personopplysningar i 2004, kom Datatilsynet med denne merknaden (vedlegg 1):

«Etter en nærmere vurdering er Datatilsynet kommet til at alderstesting og DNA-testing i en overgangsperiode kan baseres på samtykke. Som direktoratet er kjent med, anser ikke Data-tilsynet samtykkekravet å være tilfredsstillende oppfylt, men mener at dette er en bedre løsning enn at tilsynet fatter vedtak etter personopplysningsloven § 9, 3. ledd.»

Etter personopplysningslova har dei registrerte fleire rettar, til dømes rett til innsyn og rett til å få korrigert mangelfulle personopplysningar. Det er også sett eit forbod mot å lagre unødvendige personopplysningar. Vidare heiter det i personopplysningslova § 5 at «bestemmelsene i loven gjelder for behandling av personopplysningar om ikke annet følger av en særskilt lov som regulerer behandlingsmåten».

Dersom analysen av DNA-testen ikkje kan stadfeste dei oppgitte relasjonane, blir resultatet lagt fram for søkjaren eller referansepersonen, eventuelt begge partar. Utlendingsstyresmaktene vurderer om det er avdekt sensitive opplysningar som ein må rekne med er ukjende for ein av partane, til dømes dersom det viser seg at ein mann faktisk ikkje er biologisk far til det barnet det blir søkt om familiesamanføring med. I så fall følgjer ein særskilde rutinar.

Kostnadene knytte til DNA-testing blir dekte av utlendingsstyresmaktene, med unntak for utgifter til reise og opphald i samband med testen. I tilfelle der styresmaktene ikkje legg fram noko tilbod om DNA-testing for søkjaren, men der søkjaren sjølv ønskjer ein slik test, må søkjaren i utgangspunktet dekkje utgiftene sjølv.

### 2.2.3 Forslag frå utvalet

Utlendingslovutvalet tilrår at den frivillige ordninga med DNA-testing blir vidareført, jf. kapittel 13.3 i utgreiinga. Utvalet meiner vidare at ordninga strengt teke ikkje treng heimel i lov, ettersom ei DNA-testing er eit tilbod og ikkje noko den ein-skilde blir pålagt. Ein ser det likevel som ein fordel om ordninga får ei klar forankring i lova. Utvalet foreslår derfor ein særskild heimel for DNA-testing i § 97:

Dersom de øvrige opplysningene i en sak etter lovens kapittel 8 ikke gir grunnlag for å fastslå familierelasjonen mellom søkeren og en referanseperson i Norge, kan utlendingsmyndighetene gi søkeren og referansepersonen muligheten til å foreta DNA-test.

### 2.2.4 Utanlandsk rett

Danmark har sidan 1997 hatt ein eigen heimel for å krevje DNA-testar av søkjaren og referansepersonen i familiesamanførings saker o.l., jf. den danske utlendingsloven § 40 c. Retten til å krevje DNA-testar gjeld berre dersom den familiemessige tilknytninga ikkje kan reknast som tilstrekkeleg dokumentert på annan måte. DNA-testar blir også brukte i asylsaker, men sidan § 40 c ikkje omfattar desse tilfella, skjer slike testar med samtykke frå søkjaren og referansepersonen.

I Sverige blei det 1. juli 2006 innført ei ny føresegn om frivillig DNA-testing utført for statens rekning i saker om familiesamanføring mellom mindreårige barn og deira foreldre, samt i enkelte andre saker om familiesamanføring. Det er eit krav at andre opplysningar i saka ikkje er tilstrekkeleg for å gi opphaldsløyve og at det ikkje er openbart at den oppgitte familierelasjonen ikkje føreligg. Det er innført ein regel i utlänningsförordningen 4 kap § 21 om at DNA-analyser skal utføres av Rättsmedicinalverket.

I den finske utlendingsloven er det ein eigen heimel for å tilby DNA-testing i saker som gjeld familiesamanføring, jf. § 65 første ledd i lova. Føresegna er utforma som eit tilbod til søkjaren og føreset samtidig at søkjaren skriftleg samtykkjer i å ta testen.

### 2.2.5 Internasjonale forpliktingar

Når det gjeld handtering av DNA-testar, er det fleire internasjonale konvensjonar om behandling av personopplysningar ein lyt ta omsyn til. Den første er Europarådet sin konvensjon av 28. januar 1981 nr. 108 om personvern i samband med elektronisk databehandling av personopplysningar. Konvensjonen blei ratifisert av Noreg 20. februar 1984 og er bindande for oss. Siktemålet med konvensjonen er å sikre respekten for retten til fridom og andre grunnleggjande rettar i samband med lagring og handtering av personopplysningar ved hjelp av edb. Konvensjonen inneheld minimumsreglar, noko som inneber at kvart land står fritt til å gi fleire og meir omfattande personvernreglar enn dei som følgjer av konvensjonen. I medhald av konvensjonen er det utarbeidd ei rad rekommandasjonar om personvern på visse område. Desse rekommandasjonane må reknast som tilrådingar; dei er ikkje folkerettsleg bindande for Noreg.

EU vedtok i 1995 eit direktiv om vern av fysiske personar i samband med behandling av personopplysningar og om fri utveksling av slike opplysningar (direktiv 95/46/EF). Direktivet er ein del av EØS-avtalen, og Noreg er såleis forplikta til å ha ei

personvernlovgiving som er i samsvar med reglane i direktivet. Siktemålet med direktivet var å etablere felles reguleringsprinsipp og eit einsarta vern i heile EU-området når det gjaldt behandling av personopplysningar. Personverndirektivet bygger i utgangspunktet på prinsippa i Europarådet sin konvensjon om vern av personopplysningar, og det er eit rammereguleringverk. Vidare har også Organisasjonen for økonomisk samarbeid og utvikling (OECD) utvikla retningslinjer for vern av og for utveksling av persondata over landegrensene (Guidelines Governing the Protection of Privacy and Transborder Flow of Personal Data).

På eit meir generelt plan stiller Den europeiske menneskerettskonvensjonen (EMK) opp skrankar for i kva grad forvaltninga kan gripe inn overfor einskildindivid. EMK er gjort til norsk lov gjennom lov om styrking av menneskerettighetenes stilling i norsk rett 21. mai 1999 nr. 30 (menneskerettslova) § 2 nr. 1, og ved motstrid går føresegnene i konvensjonen føre anna norsk lovgiving, jf. menneskerettslova § 3 og utlendingsloven § 4. Artikkel 8 i konvensjonen har reglar om retten til respekt for privatliv og familieliv. Også Den internasjonale fråsegna om menneskerettane og FN-konvensjonen om sivile og politiske rettar (SP) har føresegnar som gjeld personvernet, men desse føresegnene må reknast for å vere mindre vidtgående enn dei vi finn i den norske personvernlovgivinga og i dei internasjonale instrumenta som er nemnde ovanfor.

### 2.2.6 Synspunkt frå høyringsinstansane

Fleire av høyringsinstansane er positive til at det blir føreslått ein lovheimel for DNA-testing. *Advokatforeningen*, *Juss-Buss*, *Norsk Folkehjelp*, *UDI*, *UNE*, *Datatilsynet* og *Politidirektoratet* (POD) gir alle uttrykk for dette synspunktet. *Juss-Buss* legg til at det også av informasjonsomsyn er positivt med ein særskild lovheimel.

*NOAS* uttaler at dei under tvil gir si tilslutning til forslaget, og skriv:

«NOAS' standpunkt til DNA-testingen har vedvarende vært av pragmatisk art, nemlig at det gir mulighet for familiegjennforening i en del tilfeller hvor det er vanskelig å dokumentere slektskap på annet vis, og at det slik i en del tilfeller innebærer at søknader om familiegjennforening innvilges der de uten DNA-testing ville ha blitt avslått».

Andre høyringsinstansar er generelt skeptiske til DNA-testing. Det gjeld *Antirasistisk senter*, *Mira-Senteret* og *Oslo biskop*.

Utvalet føreslår å utforme lovheimelen som eit tilbod til søkjaren og referansepersonen(-ane) om å avleggje DNA-test. *UDI* og *Datatilsynet* meiner derimot at lovheimelen bør utformast som eit pålegg. *Datatilsynet* meiner at eit pålegg betre reflekterer det reelle forholdet:

«Utvalget foreslår å lovfeste en rett til å foreta DNA-test. I utvalgsrapporten side 340 fremgår det at dersom retten ikke benyttes, vil utfallet høyst sannsynlig bli at søknaden avslås. *Datatilsynet* anser at så lenge det vil få negative konsekvenser for en person å nekte å avlegge DNA-test, er også frivillighetsaspektet illusorisk, og kan i stedet erstattes med en plikt til å avlegge DNA-prøve. På den måten reflekteres de reelle forhold ved tiltaket bedre.»

*Politidirektoratet*, i motsetnad til fleire politi-meistrar, er imot bruk av pålegg ved DNA-testing. Grunngevinga er at det kan føre til utilbørleg press på einskilde familiemedlemmer:

«Etter *Politidirektoratet*s mening er det imidlertid avgjørende forskjeller mellom DNA-testing og alderstesting, som gjør av vi ikke går inn for at førstnevnte skal kunne pålegges. I motsetning til alderstesting, vil DNA-testing kunne avsløre at de biologiske familieforholdene ikke er som alle (eller de fleste) involverte har tatt for gitt. Pålegg om DNA-testing vil kunne legge et voldsomt press på eventuelle familiemedlemmer som er klar over dette.»

*UNHCR* meiner at DNA-testing berre må utførast med samtykke frå partane og etter informasjon om bakgrunnen for at testinga blir gjennomført.

*Juss-Buss* føreslår at det bør gå uttrykkjeleg fram at saka kan få eit negativt utfall dersom søkjaren avslår å ta ein DNA-test.

Utvalet har føreslått DNA-testing i «en sak etter kapittel 8», dvs. i saker om familieinnvandring. Både *UNE* og *UDI* tek til orde for at DNA-testing også bør kunne brukast i andre saker etter lova. *UDI* grunngir sitt forslag slik:

«Direktoratet mener imidlertid at bestemmelsen ikke bare bør omfatte saker om familieinnvandring, men også saker etter utlendingsloven kapittel 6 og 7. Det kan for eksempel være aktuelt med DNA-testing i saker hvor en familie med barn søker beskyttelse, men hvor utlendingsmyndighetene under saksbehandlingen får opplysninger som tilsier at familierelasjonene ikke kan være riktige. Det har også i praksis forekommet tilfeller hvor utlendinger bosatt i Norge eller andre land hevder å være foreldre til enslige mindreårige asylsøkere i Norge. I slike tilfeller må utlendingsmyndighetene gis

en mulighet for å kunne forsikre seg om at det er en foreldre-barn-relasjon mellom partene, og ikke en voksenperson som kan ha andre hensikter. Slik direktoratet ser saken, er DNA-testing ikke bare et kontrolltiltak i saker om familieinnvandring, men også et tiltak som kan gjennomføres av hensyn til et barns rettsikkerhet og et barns rett til kontakt med sine foreldre. DNA-testing kan også være aktuelt hvor utlendingsmyndighetene vurderer tilbakekall av en tillatelse gitt etter lovens kapittel 6, 7 og 8.»

Utvalet har foreslått at DNA-test skal tilbydast «når de øvrige opplysninger i en sak [...] ikke gir grunnlag for å fastslå familierelasjonen». *Justisdepartementet* foreslår å endre formuleringa til «når opplysninger i en sak [...] ikke gir grunnlag for *med rimeleg sikkerhet* å fastslå ...». *UNE* meiner at ordlyden bør endrast, anten til «ikke gir *tilstrekkelig* grunnlag for å fastslå ...» eller til «ikke gir grunnlag for *med sikkerhet* å fastslå ...». *UDI* foreslår denne ordlyden:

«Dersom de øvrige opplysningene i en sak etter lovens kapittel 6, 7 eller 8 ikke gir grunnlag for å fastslå familierelasjonen mellom søkeren og referansepersonen, kan søkeren og referansepersonen pålegges å ta en DNA-undersøkelse. DNA-undersøkelse kan også pålegges i sak om tilbakekall av tillatelse gitt under forutsetning av at familierelasjonen var korrekt. Kongen kan gi nærmere regler i forskrift.»

*UNHCR* gir uttrykk for at det må sikrast at resultatet frå DNA-testen ikkje blir brukt for noko anna formål enn å klarleggje familierelasjonane, og at all informasjon blir behandla konfidensielt.

*Datatilsynet* er nøgd med at det i føresegna er teke inn ei avgrensing når det gjeld kva som kan vere formålet med å bruke DNA-testing (familiesamanføring). Det inneber nemleg at testresultatet ikkje kan brukast til andre formål. *UDI* framhevar at det i føresegna om DNA-testing også må gå fram at testen ikkje kan brukast til andre formål enn det testen er innhenta for, og at testen skal slettast når spørsmålet om slektskap er avgjort. *Datatilsynet* gir uttrykk for eit tilsvarande syn når det gjeld sletting:

«Tilsynet mener imidlertid at bestemmelsen må suppleres med en slettebestemmelse, der det klart fremgår at opplysninger knyttet til testen slettes (tilintetgjøres) når spørsmålet om slektskap er avgjort. Begrunnelsen for dette er det opplysningspotensialet som ligger i en DNA-test både når det gjelder personen selv og vedkommendes familie.»

*UNE* foreslår at det bør gå fram av lovteksten at utgiftene i samband med testane skal berast av det offentlege. *UDI* uttaler dette når det gjeld spørsmålet om utgifter:

«Når det gjelder dekning av utgifter i forbindelse med DNA-testing og aldersundersøkelser, dekker utlendingsmyndighetene utgifter til selve prøvetakingen og analysen av prøvene som er initiert av Utlendingsdirektoratet. Dersom søkeren på eget initiativ fremlegger en DNA-analyse som dokumentasjon på den opplyste familietilknytningen eller en aldersundersøkelse, må søkeren påregne å dekke kostnadene selv.»

*UDI* foreslår vidare ein heimel for å gi nærmare føresegner i forskrift.

### 2.2.7 Vurdering frå departementet si side

Som nemnt innleiingsvis i kapittel 2.2.1 er det eit problem i forhold til mange nasjonalitetsgrupper at det ikkje er mogleg å skaffe til veges ordinære dokument som stadfestar den oppgitte identiteten eller familierelasjonen. Det kan dessutan vere grunn til å reise tvil ved om dei dokumenta som det er råd å skaffe til veges, er ekte, slik at dei ikkje kan leggjast til grunn som påliteleg dokumentasjon. Dette er til dømes ofte situasjonen når det gjeld personar frå Somalia, Irak og Afghanistan, som er tre av dei nasjonalitetsgruppene som har lege høgst på statistikken når det gjeld familieinnvandring i dei seinare åra.

Dei erfaringane ein har fått gjennom bruk av DNA-testar, er at det tidlegare blei gitt urette opplysningar om dei reelle slektskapsforholda i ikkje så reint få saker. Talet på tilfelle der dette framleis skjer, er blitt redusert, og det kjem truleg til ein viss grad av at dei aktuelle personane veit at feilaktige opplysningar vil bli avdekte. At somme prøver å ta med eit barn til Noreg utan at dei er dei rette foreldra til barnet, er eit alvorleg forhold så lenge det ikkje skjer på ope vis og har sin bakgrunn i til dømes regulerte adopsjonsforhold.

Ut frå dei vurderingane som er gjorde, ser departementet det slik at praksisen med DNA-testing bør vidareførast i dei sakene der den oppgitte familierelasjonen ikkje er tilfredsstillande sannsynleggjord på annan måte.

Departementet er samd med utvalet og *Datatilsynet* i at det bør etablerast heimel i lov for praksisen med DNA-testing. Så lenge det framstår slik at det å la vere å la seg teste vil kunne få verknader for vedtaket i saka, er det ikkje tilfredsstillande å operere med samtykke som rettsleg grunnlag.

Eit spørsmål som blir drøfta av fleire høyringsinstansar, er om ordninga med DNA-testing bør formulerast som eit tilbod eller som eit påbod i lovteksten. Slik departementet vurderer det, må dette spørsmålet avgjerast ut frå kva verknader det skal få at partane eventuelt ikkje går med på å la seg teste.

Departementet meiner at det ikkje bør vere nokon automatikk i at ein søknad blir avslått dersom partane nektar å la seg teste. Departementet viser til det som er uttalt frå POD om at eit pålegg om DNA-testing vil kunne leggje eit kraftig press på eventuelle familiemedlemmer som er klar over at dei biologiske familietilhøva ikkje er slik som dei involverte har teke for gitt. Slik departementet vurderer det, må derfor partane få høve til å forklare kvifor dei ikkje ønskjer å medverke til ein DNA-analyse. Det er først dersom det ikkje blir gitt noka god grunngiving frå partane si side, at det kan tilleggjast vekt som eit sjølvstendig moment at ein har takka nei til DNA-testing, og heller ikkje i slike tilfelle bør det vere nokon automatikk i at søknaden blir avslått. Utlendingsstyresmaktene bør gjere ei totalvurdering av alle dei opplysningane som ligg føre i saka, før ein eventuelt konkluderer med at den oppgitte familierelasjonen ikkje kan leggjast til grunn. I desse tilfella bør likevel manglande vilje frå partane si side til å la seg teste kunne tilleggjast vekt som eit sjølvstendig moment. Departementet føreslår derfor at det takast inn ei særskild formulering om at det «kan få betydning for vurderingen av saken» dersom søkjaren seier nei til DNA-testing.

Med bakgrunn i at departementet har valt å tydeleggjere i lovteksten at det vil kunne få konsekvensar for vurderinga av saka dersom partane ikkje lét seg teste, vil det framstå som mindre naturleg å formulere ordninga med DNA-testing som eit «tilbod». Det er heller ikkje naturleg å formulere ordninga som eit pålegg, for det vil indikere at det kan vere aktuelt med tvang, eventuelt at søknaden alltid blir avslått dersom partane nektar å la seg teste. Departementet ser det derfor slik at det mest treffande er å formulere føresegna slik at partane kan bli bedne («anmodes») om å la seg teste.

Utvalet har føreslått at DNA-testing skal kunne nyttast i saker som gjeld familieinnvandring. UNE og UDI har peika på at det kan vere behov for å bruke DNA-testing også i andre saker som blir behandla etter lova. Datatilsynet har understreka behovet for å setje grenser når det gjeld kva som kan vere formålet med ein DNA-test.

Departementet meiner at det er opplagt at det i tillegg til saker som gjeld familiesamanføring, også

kan oppstå behov for å bruke slike testar i saker der det er gitt opphaldsløyve for familiesamanføring, men der det seinare blir reist sak om tilbakekalling, til dømes fordi det blir avdekt at dei dokumenta som i si tid blei lagde til grunn i saka, er falske. Tilsvarande kan det vere ønskjeleg å bruke DNA-testar i saker der det kjem ein asylsøkjarfamilie utan identitetsdokument, og der det oppstår tvil ved om alle borna er medlemmer av den same familien. Departementet kan ikkje sjå at det skulle vere noko problem å bruke ei meir open formulering i forhold til når ein kan be om DNA-testing. Departementet føreslår derfor ei formulering om at ein kan be om DNA-testing «[n]år det i sak etter loven er nødvendig å fastslå en familierelasjon».

Det er svært viktig å sikre ei forsvarleg gjennomføring av testane. Departementet legg til grunn at dette er tilstrekkeleg sikra gjennom detaljerte retningslinjer frå UDI si side. Retningslinjene vil også gjelde for korleis ambassadane skal handtere slike saker. Det er vidare viktig å sikre at DNA-testane blir sletta når dei har vore nytta til det tiltenkte formålet, dvs. når dei har avkrefta/stadfesta slektsrelasjonar. Det blir derfor føreslått at det blir teke inn ei føresegn om «sletting og tilintetgjøring».

Til liks med utvalet føreslår departementet at det offentlege skal dekkje kostnadene ved DNA-testing på same måten som i dag, dvs. i dei tilfella der det er utlendingsstyresmaktene som ber om testing.

Departementet er også samd med UDI når direktoratet går inn for at det bør takast inn ein eigen heimel for å gi nærmare forskrifter om gjennomføring av DNA-testing.

## 2.3 Aldersundersøking

### 2.3.1 Innleiing

I ein del saker som blir behandla etter utlendingsloven, er det avgjerande for utfallet om utlendingen er yngre enn 18 år (mindreårig) eller ikkje.

I *asylsaker* er det slik at einslege mindreårige asylsøkjara kan givast opphaldsløyve sjølv om dei ikkje har behov for vern, dersom det ikkje er kjent kvar foreldra oppheld seg. Vidare følgjer det av utlendingsforskrifta § 55a at ein mindreårig asylsøkjara alltid skal ha hjelpeverje eller fullmektig til stades under asylintervjuet. Saksbehandlinga i saker med mindreårige skal også vere raskare enn elles. Vidare skal mindreårige ikkje plasserast i transittmottak, men først direkte til eit eige «ankomstmottak» med eit oppgradert tilbod.

I saker om *familiesamanføring* vil det også kunne få ein del å seie om utlendingen er under 18 år, ettersom det gjeld egne føresegner når det dreier seg om born.

På same måten som det er gjort greie for i kapitlet om DNA-testing, er det eit problem i mange asylsaker og i mange saker om familiesamanføring at det ikkje er mogleg å skaffe til veges dokument som stadfestar identiteten til utlendingen. I slike saker vil det heller ikkje ligge føre nokon dokumentasjon for alderen til utlendingen, og i somme tilfelle kan det vere grunn til å tvile på om den alderen som utlendingen sjølv har oppgitt, er den rette.

I saker der det er tvil om alderen, har UDI etablert ei ordning for aldersundersøking. Praksis har ikkje heimel i noka særskild føresegn i lov eller forskrift, men er basert på samtykke frå utlendingen. Utlendingslovutvalet drøfta heimelsgrunnlaget for aldersundersøking i si utgreiing, jf. kapittel 13.3.4.6, og tilrådde at det blir etablert ein særskilt lovheimel. I brev av 24. juni 2005 til UDI (vedlegg 1 til proposisjonen) har Datatilsynet gitt uttrykk for at det samtykket som i dag blir innhenta for aldersundersøking, må reknast som gitt under press, og at det derfor ikkje kan reknast som eit frivillig samtykke etter personopplysningslova § 9 første ledd bokstav a.

### 2.3.2 Gjeldande rett og praksis

UDI har utarbeidd skriftlege rutinar for gjennomføring og bruk av aldersundersøking i asylsaker. På bakgrunn av observasjonar frå politiet og frå tilsette i mottak, og ut frå egne observasjonar i samband med asylintervju, avgjer direktoratet i kvar einskild sak om det skal tilbydast ei aldersundersøking. Direktoratet har også egne interne retningslinjer for aldersrelaterte spørsmål i intervjuet.

Ei aldersundersøking er frivillig, og undersøkinga blir ikkje gjennomført dersom søkjaren ikkje stadfestar skriftleg at han eller ho ønskjer ei slik undersøking. Samtykke til aldersundersøking i asylsaker blir normalt innhenta under asylintervjuet, og undersøkinga blir gjennomført i den etterfølgjande veka.

Dei medisinske metodane for aldersundersøking som har vært nytta, er tannlegeundersøking og undersøking av handrot. Tannlegeundersøkinga omfattar ei klinisk undersøking av tennene med spegel og sonde, og i tillegg blir det gjennomført ei røntgenundersøking. Undersøkinga blir vurdert av to tannlegar.

Inntil sommaren 2006 blei det saman med tannlegeundersøking også nytta ein metode med

røntgenundersøking av handa og handleddet (undersøking av handrot). Undersøkingane blei gjort ved Ullevål universitetssykehus. I samband med undersøkinga blei det gjort ei vurdering av to legar som ga ei samla vurdering.

Sommaren 2006 la Nasjonalt kunnskapssenter for helsetjenesten fram ein forskingsrapport om bruk av aldersundersøkingar av mindreårige asylsøkjjarar. Rapporten var laga på oppdrag av Sosial- og helsedirektoratet og formålet var å sjå kor nøyaktige dei metodane som brukast er. Rapporten hadde eit særleg kritisk syn på metoden med undersøking av handrot. Kunnskapssenteret konkluderte med at metoden ikkje var godt egna til å slå fast om ein person er over 18 år. Ullevål Universitetssykehus har i ettertid sagt opp avtalen med UDI om å gjennomføre undersøkingar av handrot. Per i dag blir det ikkje gjort slike undersøkingar av asylsøkjjarar, men direktoratet vil vurdere om det er aktuelt å inngå avtale med andre medisinske miljø om undersøking av handrot. Bruk av denne metoden vil i så fall skje under omsyn til dei kritiske merknadene i rapporten fra Nasjonalt kunnskapssenter.

Som nemnt kan aldersundersøking også vere aktuelt i saker om familieinnvandring der det blir reist tvil ved om den som søker om familiesamanføring etter føresegner som gjeld for born, faktisk er under 18 år. Det er førebels ikkje utarbeidd nokon retningslinjer for aldersundersøking i denne typen saker. Prosedyren er at søkjaren først møter ved ambassaden, der det blir teke bilete. Samtidig blir søkjaren beden om å skrive under på ei samtykkeerklæring, og så må vedkomande møte for undersøking ved eit sjukehus som ambassaden har kontakt med. Når undersøkinga er gjennomført, sender ambassaden resultatata til direktoratet.

Utlendingslovutvalet har i si utgreiing vist til at det i 2003 var 916 asylsøkjjarar som opplyste at dei var einslege mindreårige då dei kom til Noreg. Om lag 500 av desse blei alderstesta, og ca. 80 prosent av dei blei vurderte til å vere 18 år eller eldre. I 2004 blei det gjennomført aldersundersøking av 481 personar. Av desse blei 397 personar vurderte til å vere 18 år eller eldre både ved tannundersøking og ved undersøking av handrot. I 2005 kom det 322 asylsøkjjarar til Noreg som opplyste at dei var einslege mindreårige. 231 blei aldersundersøkt, og av desse blei 174 vurdert å vere 18 år eller eldre.

Som følgje av at aldersundersøkingane inneber at ein skaffar fram opplysningar gjennom røntgenundersøkingar og somatiske undersøkingar, vil undersøkingane omfatte sensitive personopplysningar, jf. personopplysningslova § 2 nr. 8 bokstav



c. Personopplysningslova § 9 om behandling av sensitive personopplysningar blir derfor gjeldande. Føresegna er sitert framanfor, i kapittel 2.2.2.

### 2.3.3 Forslag frå utvalet

Utlendingslovutvalet har ut frå erfaringane med aldersundersøkingar føreslått at praksisen bør vidareførast, og at ordninga bør få ei klar forankring i lova. Utvalet har føreslått å lovfeste eit høve til å påleggje aldersundersøking i samband med behandlinga av ei sak etter utlendingsloven, og har ikkje funne at det er tungtvegande etiske eller personvernmessige omsyn som taler mot dette. Utvalet har ikkje sett nokon grunn til å avgrense høvet til å gjennomføre alderstesting til konkrete typar av saker. Også i saker der ein til dømes er i tvil om den oppgitte alderen til ein vaksen asylsøkjjar, bør det etter utvalet sitt syn kunne påleggjast aldersundersøking.

### 2.3.4 Utanlandsk rett

#### 2.3.4.1 Sverige

I Sverige har Sosialstyrelsen gitt generelle råd om korleis aldersundersøkingar skal gjennomførast (SOSFS 1993:11). Aldersundersøkingar skal gjennomførast berre i dei tilfella der det er gode grunnar til å tru at den oppgitte fødselsdatoen er feil. Ei barnemedisinsk bedømming er ein grunnleggjande del av den medisinske aldersundersøkinga. Bedømminga omfattar i første rekkje opplysningar om sjukehistoria til søkjaren, vurderingar av lengd og vekt, psykomotorisk og generell somatisk utvikling og pubertetsutvikling. Skjelett- og tannundersøking kan supplere den medisinske undersøkinga.

#### 2.3.4.2 Danmark

I Danmark er det Udlændingestyrelsen som avgjer om det skal gjennomførast aldersundersøking i samband med ein søknad om familiesamanføring.

Ei avgjerd i Udlændingestyrelsen blir teken på bakgrunn av ei samla vurdering av dei oppgitte opplysningane om familietilhøve, medrekna ei vurdering av om opplysningane stemmer overeins og er konsistente, samanhalde med utsjånaden til søkjaren. Når Udlændingestyrelsen skal avgjere om det skal gjennomførast aldersundersøking eller ikkje, tel opplysningar og merknader frå den danske diplomatiske eller konsulære representasjonen svært mykje, ettersom det er desse representantane som har den direkte kontakten med søkja-

ren. Ei aldersundersøking skal omfatte røntgenbilette av hand, kragebein, hoftelodd og bekken, ei tannlegeundersøking som inkluderer røntgenundersøking, ei somatisk undersøking og eit foto av personen som blir alderstesta.

Den eller dei legane og tannlegane som har stått for undersøkingane, utarbeider ein rapport med ein konklusjon om alderen til søkjaren.

Alle fråsegner og røntgenbilette blir så sende til den danske diplomatiske eller konsulære representasjonen eller henta av ein tilsett ved representasjonen. Resultata og røntgenbiletta blir deretter sende samla til Udlændingestyrelsen, som anten gjer vedtak i saka eller legg saka fram for Retslægerådet, som så står for den endelege aldersvurderinga.

#### 2.3.4.3 Finland

I den finske lova, som blei sett i kraft i 2004, finst det inga føresegn om aldersundersøking. Det var føreslått å ta inn ei slik føresegn, men det blei ikkje vedteke. Spørsmålet om ein lovregel er framleis eit diskusjonstema i Finland.

### 2.3.5 Internasjonale forpliktingar

Når det gjeld aktuelle internasjonale forpliktingar, viser departementet til kapittel 2.2.5.

Departementet viser òg til FN's konvensjon om barnerettane av 20. november 1989, men det er ingen sider ved dei undersøkingane som blir gjorde for å avklare alder, som framstår som problematiske i forhold til føresegnar i barnekonvensjonen.

I UNHCR sine særskilde retningslinjer som gjeld flyktningborn<sup>1</sup>, er særleg dette avsnittet relevant:

«When identity documents are not relied on to establish age, authorities usually base age assessments on physical appearance. Sometimes “scientific procedures» are used, such as dental or wrist bone x-rays. Precautions must be taken if such methods are used. First, these methods only estimate age. Authorities must therefore make sure their methods are accurate and allow for margins of error. Second, when technology is used, it must be safe and respect human dignity. Third, special procedures or programmes usually are intended to help younger persons when their needs are greater. When the exact age is uncertain, the child should be given the benefit of the doubt.»

<sup>1</sup> Guidelines on Policies and Procedures in dealing with unaccompanied children seeking Asylum, February 1997

### 2.3.6 Synspunkt frå høyringsinstansane

Fleire av høyringsinstansane, mellom andre *Redd Barna* og *Barneombodet*, understrekar at det er ønskjeleg å kunne avklare kven som reelt er born, og kven som reelt er vaksne.

*Barneombodet* seier i denne samanhengen:

«Barneombudet er i utgangspunktet positiv til at utlendinger som søker om asyl får fastslått sin riktige alder. Det er ikke minst viktig for å sikre at ikke voksne påberoper seg rettigheter som skulle vært forbeholdt barn, og at de blir plassert sammen med barn.»

Mange av høyringsinstansane (*PRESS - Redd Barna*, *Norsk Folkehjelp*, *Juss-Buss*, *NOAS*, *Redd Barna*, *Barneombodet*, *Amnesty International* og *Datatilsynet*) er kritiske til praksisen med aldersundersøkingar. Dei viser til at det er reist kritikk mot kvaliteten på undersøkingsmetodane frå fagmiljø både nasjonalt og internasjonalt.

*Norsk Folkehjelp* og *PRESS - Redd Barna* uttrykkjer at dei ikkje kan støtte at det blir etablert ein lovheimel for aldersundersøkingar utan at det skjer noko med kvaliteten på undersøkingane. *Norsk Folkehjelp* uttaler såleis:

«Norsk Folkehjelp reagerer kraftig på påstanden i NOUen om at svært få av vergene har motforestillinger mot alderstesting. Dette er ikke vår erfaring – verken som driftsoperatør av flyktningmottak inkl. avdeling for enslige mindreårige, eller gjennom de fire vergeprosjektene vi har drevet og driver (bl.a. på oppdrag fra UDI). Svært mange verger reagerer sterkt på metodene som benyttes, fordi de – som også utvalget påpeker – er usikre og ikke sjelden gir divergens mellom de ulike undersøkelsesresultatene, og fordi de opplever undersøkelserne som mangelfullt utført (ikke tolk, ikke tilfredsstillende intervju vedr. kosthold og annen helsebakgrunn etc.), og fordi det oppfattes som utilbørlig press mot de enslige mindreårige: At det er få av disse som nekter undersøkelse, kan i stor grad tilskrives at manglende deltakelse vil falle negativt ut i asylsaken. Norsk Folkehjelp kan ikke tilråde at mulighet for alderstesting lovfestes uten at metodene, gjennomføringen og resultatene blir sikrere.»

*Redd Barna* uttaler:

«Redd Barna mener [...] at en undersøkelse av alder må inneholde både fysiske, utviklingsmessige, psykologiske og kulturelle faktorer. Hvis det menes at en aldersundersøkelse er nødvendig, bør undersøkelsen utføres av uavhengige profesjonelle med egnet ekspertise og kjennskap til barnets etniske og kulturelle bak-

grunn. Det bør videre tas hensyn til kjønn i vurderingen av alder.

Ut fra internasjonale standarder vil det i tillegg til de to testene som norske myndigheter utfører ved aldersundersøkelsen i dag, måtte suppleres med en somatisk og psykologisk vurdering. Uten dette mister undersøkelsen viktige element. Slik aldersundersøkelsene nå blir gjennomført, kan de ikke sies å være på nivå med internasjonale standarder [...].»

*UNHCR* viser til dei kommentarane dei tildlegare har gitt til EU-direktivet om prosedyrar i asylsaker:

«It is widely acknowledged that age assessment is subject to a considerable margin of error. UNHCR recommends that the examination be carried out by an independent paediatrician with appropriate expertise. If an age assessment is not conclusive, a person claiming to be a child should be given the benefit of the doubt. Furthermore, it should be explicitly provided in national legislation that persons claiming to be children should be provisionally treated as such, until an age determination has taken place.»

*NOAS* framhevar at ein feil ved vurderingane vil kunne føre til at ein mindreårig blir behandla som vaksen, og at dette lett kan føre til «meget alvorlige krenkelser av barnets rettigheter, i verste fall at man returnerer et barn alene til hjemlandet».

*NOAS*, *Barneombodet* og *Amnesty* tilrår at det blir gjennomført ei evaluering av praksisen med aldersundersøkingar.

Dei høyringsinstansane som er skeptiske til kvaliteten på aldersundersøkingane, understrekar behovet for at den uvissa som heftar ved slike undersøkingar, må kome utlendingen til gode i tvilstilfella.

*NOAS* skriv mellom anna:

«Dersom en bestemmelse om alderstest innføres i loven, anser vi dermed at det samtidig bør etableres visse rettssikkerhetsbestemmelser, med utgangspunkt i UNHCRs retningslinjer, for å forhindre alvorlige feil gjennom å sikre at saksbehandlerne har visse grunnleggende retningslinjer å forholde seg til. Det bør fremgå spesifikt at alderstestene bør ta hensyn både til fysisk utvikling og til psykologisk modenhet, at det må benyttes forsvarlige feilmarginer, og at tvil om asylsøkerens alder alltid skal komme søkeren til gode.»

*Barneombodet* gir uttrykk for tilsvarande synspunkt:

«For å sikre søkers rettssikkerhet bør det tydeliggjøres i loven at alderstesten kun skal inngå

som ett av flere momenter når alder fastsettes. Det bør vidare lovfestes at andre momenter, som barnets psykologiske og fysiske modenhet, også skal tillegges vekt, og at tvil om søkers alder skal komme søker til gode.»

*Barneombudet* foreslår vidare at ein sækjar som ikkje godtek den alderen utlendingsstyresmaktene fastslår, bør få møte for saksbehandlar i UDI og eventuelt for nemnda i ei klagesak:

«Etter det Ombudet kjenner til, har personlig oppmøte for UNE nettopp gjort at en lavere alder er blitt lagt til grunn. Det er da viktig at det legges til rette for slike tiltak som kan bedre rettssikkerheten.»

*UDI* seier i denne samanhengen.:

«det [er] for direktoratet viktig å få formidlet at en asylsøker som ikke samtykker til aldersundersøkelse, ikke automatisk får avslag på søknaden med den begrunnelsen. Dersom søkeren anses å være flyktning i henhold til flyktningkonvensjonen og dermed har krav på beskyttelse, eller det er andre grunner som tilsier at søkeren har beskyttelsesbehov, vil søkeren få en oppholdstillatelse uavhengig av om søkeren har oppgitt feil alder eller ikke ønsker å gjennomføre en aldersundersøkelse. Å oppgi feil alder eller nekte å gjennomføre en aldersundersøkelse, kan likevel få betydning når saksbehandler skal vurdere søkerens troverdighet.

Resultatet av aldersundersøkelsen er ett av flere momenter som må vurderes for å avgjøre om søkeren skal anses som mindreårig. Ved mangel av andre holdepunkter vil resultatet av aldersundersøkelsen være et tungtveiende moment ved denne vurderingen. Dersom det er uoverensstemmelse mellom resultatene av de ulike undersøkelsene, legger direktoratet som hovedregel den laveste vurdering av alder til grunn ved vurderingen av søkerens alder. Det vil si at tvil om søkerens alder skal komme søkeren til gode. Resultatet av aldersundersøkelsen gir ikke nødvendigvis uttrykk for søkerens 'riktige' alder, men viser likevel en mer korrekt alder enn den som søkeren har oppgitt.»

*UDI* meiner også at «aldersundersøking» er ei meir høveleg nemning enn «alderstesting», etter som det sistnemnde uttrykket kan gi inntrykk av at resultatet er meir eksakt enn det faktisk er.

Som oppgitt innleiingsvis har *Datatilsynet* i eige brev til UDI av 24. juni 2005 (vedlegg 1 til proposisjonen) føresett at det er nødvendig å etablere heimel i lov dersom ein skal praktisere ei ordning med aldersundersøking. Det er ingen av høyringsin-

stansane som har gitt uttrykk for noko anna syn på den rettslege sida av dette spørsmålet.

*UDI* gir elles uttrykk for at det vil bli lettare å administrere gjennomføringa av aldersundersøkingar dersom praksisen kan forankrast i ein lovheimel:

«[Det vil ikke lenger] kreves et skriftlig samtykke fra vergen/søkeren. Utlendingsmyndighetene vil likevel måtte bruke tid på å informere søkeren om aldersundersøkelsene med tolk og verge til stede, samt å stille spørsmål vedrørende tannhelsen som odontologisk fakultet bruker i sin undersøkelse.»

Det er berre *Datatilsynet*, *Juss-Buss*, *POD* og *UDI* som har kommentert spørsmålet om ein eventuell lovheimel bør formulerast slik at aldersundersøking kan *påleggjast*, i samsvar med det utvalet har foreslått.

*Datatilsynet* og *Juss-Buss* har uttrykt seg negativt til dette. *Datatilsynet* uttaler i denne samanhengen:

«Så vidt *Datatilsynet* kan se, hefter det fremdeles slik usikkerhet om pålitelighet ved metoden. På denne bakgrunn finner vi det vanskelig å kunne støtte et forslag der søker kan pålegges å underkaste seg slik undersøkelse.»

*Juss-Buss* uttaler:

«Selv om det ikke finnes noen direkte tvangshjemmel, vil det kunne oppleves som tvang av den som mottar et pålegg. [ . ] Når en alderstest utføres, sjekker man tennene, tar røntgen av håndleddene og utfører en klinisk undersøkelse. Den vanligste problemstillingen er hvorvidt noen er barn eller voksen i lovens forstand. I en slik klinisk undersøkelse kan man blant annet undersøke veksten av kjønnsår, størrelsen på penis, testiklene eller hvor utviklede bryster vedkommende har. For det første er det klart at slike undersøkelser kan oppleves som ubehagelige og som en krenkelse av den enkeltes integritet. For det andre er det også slik at disse testene er svært omdiskutert i fagmiljøet, hvilket tilsier at de bør benyttes med forsiktighet. *Juss-Buss* ser ingen god grunn til at utlendingsmyndighetene skal ha behov for å kunne pålegge en søker eller en referanseperson å underkaste seg en slik alderstest. Bevisbyrden ligger på søkeren. Det vil si at det er opp til asylsøkeren eller den som søker familiegjenforening å sannsynliggjøre at han eller hun er under atten. Dersom utlendingsmyndighetene har gode holdepunkter for at vedkommende ikke har den alderen som oppgis, har de anledning til behandle vedkommende som en voksen eller avslå.

Ettersom vi mener det kun bør gis et tilbud om alderstesting, og ikke et pålegg, mener vi også at det bør opplyses om hva konsekvensen av å ikke ta imot tilbudet kan være, slik som ved DNA-testing.»

*POD* viser til det utvalet har opplyst om at det er svært få som ikkje tek imot tilbodet om å la seg undersøkje, og gir uttrykk for at det ikkje ser ut til å ha vore noko nemnande behov for å påleggje aldersundersøking. *POD* støttar likevel at føresegna blir utforma slik som utvalet har føreslått.

Også *UDI* støttar at føresegna blir utforma som ein heimel for å påleggje aldersundersøking:

«Direktoratet mener det blir noe lettere å administrere avviklingen av aldersundersøkelsene med hjemmel i loven, siden det ikke lenger kreves et skriftlig samtykke fra vergen/søkeren. Utlendingsmyndighetene vil likevel måtte bruke tid på å informere søkeren om aldersundersøkelsene med tolk og verge til stede, samt å stille spørsmål vedrørende tannhelsen som odontologisk fakultet bruker i sin undersøkelse.»

Både *POD* og *UDI* er samde i det synet utvalet gir til kjenne om at det ikkje er grunn til å gi heimel for å gjennomføre aldersundersøking med tvang.

*UDI* er den einaste høyringsinstansen som har kommentert spørsmålet om kva område den eventuelle lovføresegna skal gjelde for. *UDI* har i denne samanheng kome med denne merknaden:

«Direktoratet mener bestemmelsens anvendelsesområde bør begrenses til søknader om beskyttelse og familieinnvandring. Videre bør det komme klart fram at aldersundersøkelse bare er aktuelt for å fastslå om alderen er over eller under 18 år, det vil si om søkeren eller referansepersonen er barn.»

*UDI* er også den einaste høyringsinstansen som har kommentert behovet for utfyllande forskriftsregulering:

«Slik bestemmelsen er formulert, er det en forutsetning for å kunne gjennomføre en aldersundersøkelse etter loven at det blir fastsatt nærmere bestemmelser om aldersundersøkelser i forskrift. Direktoratet finner det hensiktsmessig at bestemmelser vedrørende innholdet og gjennomføringen av aldersundersøkelse tas inn i en forskrift. For eksempel kan de ulike metoder endres raskt.»

### 2.3.7 Vurderingar frå departementet si side

Departementet vil innleiingsvis gi uttrykk for at ein er samd med *UDI* i at det er meir tenleg å nytte

uttrykket «aldersundersøking» enn uttrykket «alderstesting».

Dei erfaringane ein har hatt til no med aldersundersøkingar i asylsaker, tilseier at det er nødvendig å halde fram med slike undersøkingar for å hindre misbruk av regelverket ved at personar som er over 18 år, opplyser at dei er mindreårige. Vi viser til dei statistikkdata som er presenterte i kapittel 2.3.2. Departementet meiner det er viktig å sikre at ikkje vaksne personar hevdar at dei har rettar som berre gjeld for born, og at vaksne blir plasserte saman med born. Tilsvarande syn er også uttrykt av Barneombodet, Redd Barna og PRESS - Redd Barna ungdom.

Departementet vil vidare peike på at når praksis avdekkjer temmeleg mange tilfelle der det er oppgitt urett alder, er det eit vesentleg poeng i seg sjølv å syte for kontrolltiltak som tek sikte på å hindre misbruk av regelverket gjennom falske opplysningar.

Til liks med utvalet ser departementet det slik at det er ønskeleg at praksisen med aldersundersøkingar får ei tydeleg forankring i utlendingsloven. Vi viser også til det som er referert i kapittel 2.3.1 om korrespondansen mellom *UDI* og Datatilsynet.

Departementet har merka seg den skepsisen som er uttrykt frå fleire høyringsinstansar når det gjeld kvaliteten på dei metodane som blir nytta ved aldersundersøkingar. Departementet vil understreke at aldersundersøkingar berre blir nytta når dei andre opplysningane i saka ikkje gir grunnlag for å fastslå alderen til utlendingen, og når ein har grunn til å tvile på at dei opplysningane som er gitt, er korrekte. Departementet ser det ikkje slik at den uvissa som er knytt til undersøkingane, gir grunn til å la vere å gjere slike undersøkingar, men vil heller understreke behovet for at det blir teke tilstrekkeleg omsyn til denne uvissa når det blir gjort vedtak.

Av dei gjeldande retningslinjene for *UDI* som gjeld aldersundersøkingar, går det fram at aldersundersøkinga skal vere basert på ei heilskapsvurdering, og at tvilen skal kome søkjaren til gode:

«Resultatet av en aldersundersøkelse er ett av flere momenter som må vurderes for å avgjøre om søkeren skal anses som mindreårig. Ved mangel av andre holdepunkter vil resultatet av aldersundersøkelsen være et tungtveiende argument ved denne vurderingen. Dersom det er uoverensstemmelser mellom resultatene av de ulike undersøkelsene, legger man som hovedregel den laveste vurdering av alder til grunn ved vurderingen av søkerens alder. Det

vil si at tvil om søkerens alder skal komme søkeren til gode.»

Departementet er samd med dei høyringsinstansane som meiner at lova bør ha formuleringar som sikrar at resultatet av aldersundersøkingane blir ein del av ei breiare vurdering. Departementet har derfor valt å presisere dette i lovutkastet:

«Resultatet av undersøkelsen skal vurderes i forhold til de øvrige opplysningene i saken.»

Departementet vil i denne samanhengen særleg peike på at det under asyLintervjuet er viktig å fokusere på alder og stille spørsmål som kan medverke til å klargjere alderen. At dette skal gjerast, følgjer også av dei gjeldande retningslinjene for UDI.

Når det gjeld spørsmålet om kva metodar og rutinar som skal brukast i samband med aldersundersøkingar, er dette noko som ikkje eignar seg å regulere i lov. UDI har i dag et eige rundskriv om bruk av aldersundersøkingar jf. Rundskriv 2004-028. Departementet legg til grunn at UDI held seg orientert om kva metodar som eignar seg best for gjennomføring av aldersundersøkingane, og vurderer korleis aldersundersøkingar best kan gjennomførast. I forslaget til lovbestemmelse er det også opna for at ein kan gi føresegner om gjennomføringa av aldersundersøkingar, og departementet kan eventuelt også gi retningslinjer om kva metodar UDI skal bruke. Kva vekt ein skal leggje på resultatet av aldersundersøkingane, må heile tida vurderast i forhold til kor sikre dei aktuelle undersøkingsmetodane er.

Barneombodet har som nemnt føreslått at utlendingen i klageomgangen skal ha rett til behandling i nemndmøte og personleg frammøte dersom vedkomande ikkje godtek den alderen som UDI legg til grunn. Departementet meiner at saker som gjeld fastsetjing av alder, bør kunne avgjerast utan behandling i nemndmøte dersom det ikkje ligg føre tvil om at søkjaren er over 18 år og det heller ikkje ligg føre andre vesentlege tvilsspørsmål. På den andre sida vil departementet gjere merksam på at det på bakgrunn av den uvissa som ofte vil hefte ved resultatet av aldersundersøkingar, og på bakgrunn av den uvissa som generelt er knytt til vurderingar av alder, ofte kan vere grunnlag for behandling i nemndmøte når det blir reist innvendingar mot den aldersvurderinga UDI legg til grunn. Samtidig vil det normalt vere grunnlag for personleg frammøte når spørsmålet om fastsetjing av alder skal avgjerast i nemndmøte, jf. utlendingsloven § 38 b femte ledd.

Departementet deler utvalet sitt syn på at det ikkje er tungtvegande etiske eller personvernmessige omsyn som taler mot å praktisere aldersundersøkingar. Departementet gir i denne samanhengen uttrykk for at det ikkje er aktuelt i norsk praksis å gjere slike intimundersøkingar som Juss-Buss har nemnt som døme på moglege krenkjande undersøkingsmetodar. Det er heller ikkje noko som taler for at slike undersøkingar ville vere eigna til å avgjere dei sakene der det er grunn til å tru at utlendingen er over 18 år.

Når det gjeld det utvalet seier om at aldersundersøking også bør brukast i tilfelle der det blir reist tvil ved om ein vaksen asylsøkjjar har oppgitt korrekt alder, viser departementet til at det er i forhold til aldersutviklinga på ungdomsstadiet at aldersundersøkingar i praksis kan vere til hjelp. Departementet deler derfor UDI sitt syn om at aldersundersøking berre er aktuelt for å fastslå om ein person er over eller under 18 år.

Til liks med UDI er departementet samd med utvalet i at det ikkje er grunn til å avgrense heimeleien for aldersundersøking til å gjelde berre asylsaker. Aldersundersøkingar bør også kunne praktisert i saker som gjeld familiesamanføring mellom born og foreldre. Departementet vurderer det slik at det berre er i dei tilfella der barnet er søkjjar, at ein bør gjennomføre aldersundersøking. Dersom barnet er referanseperson, har vedkomande fått opphaldsløyve i Noreg, og i så fall er det den alderen vedkomande har fått registrert, som skal leggjast til grunn. Eit barn som har fått opphaldsløyve som einsleg mindreårig, bør ikkje bli beden om å la seg undersøkje for ei ny vurdering av identitet.

Medan utvalet har føreslått å lovfeste at utlendingen skal kunne påleggjast aldersundersøking, meiner departementet at det vil vere meir tenleg om føresegna blir utforma på same måten som føresegna om DNA-testing. Det vil seie at departementet føreslår ei føresegn som seier at utlendingen kan bli beden («anmodes») om å la seg undersøkje. Samtidig meiner departementet at det bør gå tydeleg fram av lova at det vil kunne påverke vurderinga av saka dersom utlendingen ikkje samtykkjer i aldersundersøking. Dersom utlendingen ikkje samtykkjer, er det ikkje nokon grunn til at tvil om alderen skal kome vedkomande til gode. I praksis vil situasjonen vere at styresmaktene normalt vil sjå bort frå påstandar frå søkjaren om at vedkomande er mindreårig, dersom han eller ho nektar å la seg undersøkje.

Departementet har vurdert å ta inn ei føresegn om sletting av opplysningar i samband med aldersundersøkingar, på same vis som i høve til DNA-testing, men har kome til at det ikkje er føre-

målstenleg. Opplysningane som blir innhenta gjennom aldersundersøkingar vil ikkje kunne brukast i ein annan samanheng, slik ein DNA-test kan. Derfor treng ein ikkje på same måte ei føresegn om sletting. Den delen av aldersundersøkinga som gir ei vurdering av alderen til søkjaren utgjør ein del av vurderingane som gjeld identiteten til søker og blir derfor lagra i utlendingssaken.

Departementet foreslår at føresegna om aldersundersøking blir teken inn i lova som ein ny § 37 g etter den foreslåtte føresegna om DNA-testing.

#### 2.4 Økonomiske og administrative konsekvensar

Både i høve til DNA-testing og aldersundersøking inneber forslaga berre at ein etablerer lovheimel for den praksisen som allereie blir følgd. Forslaga vil derfor ikkje føre med seg noko auka ressursbehov eller nokon administrative konsekvensar.

### 3 Retting av inkurie

Tidligare i år blei det vedtatt ei lov om ymse endringar i utlendingsloven, jf. lov 30. juni 2006 nr. 37. Blant anna blei § 27 endra. Føresegna gjeld bortvisning i samband med innreise i riket. Bakgrunnen for lovendringa var gjennomføring av EU si grenseforordning i norsk rett. Endringa gikk ut på å opne for å kunne bortvise ein utlending når det er nødvendig av omsyn til «folkehelsa». Lovteknisk gjorde ein det ved å tilføye omgrepet «folkehelse» i oppramsinga i § 27 første ledd bokstav j, slik at bortvisning kunne skje «når det er nødvendig av hensyn til Norges eller annet Schengen-lands nasjonale sikkerhet, offentlige orden, folkehelse eller internasjonale forbindelser.» Diverre ble omgrepet «forbindelser» ved ei inkurie skrevet som «forpliktelser», utan at dette har vært meiniga. Ein foreslår derfor å endre føresegna, slik at det igjen står «forbindelser», og ikkje «forpliktelser».

### 4 Merknader til føresegnene i lovforslaget

*Til § 27 første ledd bokstav j*

Sjå punkt 3.

*Til ny § 37 f DNA-testing*

Føresegna gir heimel for å be («anmode») om DNA-testing. Det følgjer av første ledd tredje punktum i føresegna at det kan få verknader for vurderinga av saka dersom søkjaren eller referansepersonen avslår oppmodinga om DNA-testing utan rimeleg grunn. Departementet vil her understreke det som kjem fram i dei generelle merknadene i kapittel 2.2.7, om at ordninga med DNA-testing kan innebere eit press for familiemedlemmer som er klar over at dei biologiske familietilhøva ikkje er slik som dei involverte har teke for gitt. Det er først dersom det ikkje blir gitt noka god grunngiving frå partane si side, at det kan tilleggjast vekt som eit sjølvstendig moment at ein har takka nei til DNA-testing, og heller ikkje i slike tilfelle bør det vere nokon automatikk i at søknaden blir avslått.

I anna ledd heiter det at opplysningar og materiale knytta til testen skal «slettes eller tilintetgjøres» så snart som mogleg etter at familierelasjonen er bekrefta eller avkrefta. Med dette meiner ein at det er opplysningane som er knytta til testen som skal «slettes», mens slikt materiale som til dømes blod- og spyttprøver skal «tilintetgjøres».

Departementet viser elles til dei generelle merknadene i kapittel 2.2.7.

*Til ny § 37 g Aldersundersøking*

Det følgjer av første ledd første punktum i føresegna at aldersundersøking er aktuelt i nærmare avgrensa tilfelle der dei andre opplysningane i saka ikkje gir grunnlag for å fastslå «med rimelig sikkerhet» om utlendingen er eldre eller yngre enn 18 år. Det er ikkje slik at det er nødvendig å få gjennomført aldersundersøking av alle som manglar tilfredsstillande identitetsdokument. På same måten som i dag må det avgjerast på bakgrunn av observasjonar frå politiet og frå tilsette ved mottaka, og ut frå eigne observasjonar i samband med asylintervju, om ein skal be om aldersundersøking.

Departementet viser elles til dei generelle merknadene i kapittel 2.3.7.

Arbeids- og inkluderingsdepartementet

t i l r å r :

At Dykkar Majestet godkjenner og skriv under eit framlagt forslag til proposisjon til Stortinget om lov om endringar i utlendingsloven (DNA-testing og aldersundersøking mv.).

---

**Vi HARALD**, Noregs Konge,

s t a d f e s t e r :

Stortinget blir bede om å gjere vedtak til lov om endringar i utlendingsloven (DNA-testing og aldersundersøking mv.) i samsvar med eit vedlagt forslag.

---

## Forslag

### til lov om endringer i utlendingsloven (DNA-testing og aldersundersøking mv.)

#### I

I lov 24. juni 1988 nr. 64 om utlendingers adgang til riket og deres opphold her (utlendingsloven) gjer ein desse endringane:

§ 27 første ledd bokstav j skal lyde:

j) når det er nødvendig av hensyn til Norges eller annet Schengen-lands nasjonale sikkerhet, offentlige orden, folkehelse eller internasjonale forbindelser.

Ny § 37 f DNA-testing skal lyde:

*Når det i saker etter loven her er nødvendig å fastslå om det eksisterer en familierelasjon, kan søkeren og referansepersonen anmodes om å avlegge en DNA-test. Dette gjelder bare dersom de øvrige opplysningene i saken ikke gir grunnlag for med rimelig sikkerhet å fastslå familierelasjonen. Dersom søkeren eller referansepersonen uten rimelig grunn avslår anmodningen om en DNA-test, skal vedkommende gjøres oppmerksom på at dette kan få betydning for vurderingen av saken.*

*Opplysninger og materiale knyttet til testen skal slettes eller tilintetgjøres så snart som mulig etter at familierelasjonen er bekreftet eller avkreftet.*

*Kongen kan i forskrift gi nærmere regler om gjennomføring av DNA-testing.*

Ny § 37 g Aldersundersøkelse skal lyde:

*Dersom det i en sak hvor det er fremmet søknad om asyl eller familiegjennforening, ikke er mulig å fastslå med rimelig sikkerhet om utlendingen er yngre enn 18 år, kan utlendingen anmodes om å la seg undersøke for å klargjøre alderen. Resultatet av undersøkelsen skal vurderes i forhold til de øvrige opplysningene i saken.*

*Avslår utlendingen å la seg undersøke, skal utlendingen gjøres oppmerksom på at dette kan få betydning for vurderingen av saken.*

*Kongen kan i forskrift gi nærmere regler om gjennomføring av aldersundersøkelse.*

#### II

Lova gjeld frå den tid Kongen fastset. Kongen kan fastsette at dei einskilde føresegnene tek til å gjelde til ulik tid. Endringa i § 27 første ledd bokstav j tek likevel til å gjelde straks.



## Vedlegg 1

# Brev fra Datatilsynet av 24. juni 2005 til Utlendingsdirektoratet

## **Konsesjonsvedtak – kommentarer til innsendt dokumentasjon og spørsmål**

Datatilsynet viser til konsesjon meddelt den 10.12.2004 samt til senere korrespondanse og møte den 08.06.2005.

Som orientert om i møtet, anser Datatilsynet det nødvendig å revidere konsesjonen om ca ett år, da viktige lover som er styrende for Deres virksomhet er i endring. Dette gjelder Utlendingsloven og Statsborgerloven.

Datatilsynet har vurdert de innspill som er kommet fra UDI når det gjelder de ulike punktene i konsesjonen, og er innstilt på å foreta enkelte justeringer av konsesjonen før ovennevnte revisjon.

Tilsynet ber derfor om en tilbakemelding fra UDI når det gjelder de vurderinger som er foretatt nedenfor. Dersom det skulle være ytterligere utestående problemområder, ber vi om at disse beskrives og forelegges Datatilsynet.

### *1. Vandelsattest og opplysninger om bidragsgjeld ved søknad om statsborgerskap*

Datatilsynet har vurdert de forelagte hjemler, og anser at disse er tilfredstillende i en overgangsperiode inntil klarere hjemmelsgrunnlag er etablert. Når det gjelder vandelsattesten, forutsetter Datatilsynet at attesten kun gir opplysninger om forhold vedkommende utlending er ilagt straff eller straffrettslig reaksjon for, og at vedkommende gjøres uttrykkelig oppmerksom på at slik attest vil bli innhentet fra politiet.

### *2. Alderstesting og DNA-testing*

Etter en nærmere vurdering er Datatilsynet kommet frem til at alderstesting og DNA-testing i en overgangsperiode, kan baseres på samtykke. Som direktoratet er kjent med, anser ikke Datatilsynet samtykkekravet å være tilfredsstillende oppfylt, men mener at dette er en bedre løsning enn at tilsynet fatter vedtak etter personopplysningsloven § 9, 3. ledd. Tilsynet vil her også henlede oppmerksomheten på sin høringsuttalelse avgitt departementet i forbindelse med forslag til ny utlendingslov. Datatilsynet uttalte flg om DNA-testing og alderstesting;

#### *6.1 DNA testing*

(Lovforslaget § 97)

Utvalget foreslår å lovfeste en rett til å foreta DNA-test. I utvalgsrapporten side 340 fremgår det at dersom retten ikke benyttes, vil utfallet høyst sannsynlig bli at søknaden avslås.

Datatilsynet anser at så lenge det vil få negative konsekvenser for en person å nekte å avlegge DNA-test, er også frivillighetsaspektet illusorisk, og kan i stedet erstattes med en plikt til å avlegge DNA-prøve. På den måten reflekteres de reelle forhold ved tiltaket bedre.

For øvrig er Datatilsynet tilfreds med at det er inntatt en formålsbegrensning for bruk av DNA-test i bestemmelsen (familiegjenforening). Dette innebærer at testresultatet ikke kan anvendes til andre formål. Tilsynet mener imidlertid at bestemmelsen må suppleres med en slettebestemmelse, der det klart fremgår at opplysninger knyttet til testen slettes (tilintetgjøres) når spørsmålet om slektskap er avgjort. Begrunnelsen for dette er det opplysningspotensialet som ligger i en DNA-test både når det gjelder personen selv og vedkommendes familie.

#### *6.2 Alderstesting*

(Lovforslaget § 98)

Det har i samfunnsdebatten, og i utvalgsrapporten vært diskutert hvorvidt resultater av alderstesting gir et pålitelig svar. Så vidt Datatilsynet kan se, hefter det fremdeles slik usikkerhet om pålitelighet ved metoden. På denne bakgrunn finner vi det vanskelig å kunne støtte et forslag der søker kan pålegges å underkaste seg slik undersøkelse.

I det minste bør bestemmelsen suppleres med en angivelse av hvilken vekt man skal tillegge resultatet av testen.

Datatilsynet antar at enkelte av de punkter som er tatt opp i høringsuttalelsen, har relevans for UDIs praktisering av tiltakene.

### *3. Opplysninger om gjeld ifbm tilbakevending*

I e-post av 20.06.05, er rutinen for utlevering/innhenting av opplysninger hos kommunen, Husbanken og Statens lånekasse for utdanning nærmere beskrevet. Datatilsynet finner rutinen for tilfredsstillende og har ingen innvendinger mot en slik

praksis forutsatt at utlendingen gis informasjon slik personopplysningsloven § 20 gir anvisning på.

#### *4. Utlevering av opplysninger*

I Deres brev av 07.02.05 stilles det spørsmål om hvorvidt opplysninger i konkrete tilfeller kan utleveres fra DUF uten samtykke eller lovhjemmel. Datatilsynet vil bemerke at samtykke og lovgrunnlag bør være hovedregelen, men vi ser samtidig at dette kan medføre unødige hindringer for et nødvendig samarbeid jf eksempelet over i pkt 3. Tilsynet foreslår derfor at det kan åpnes for unntak fra hovedregelen om samtykke/lovhjemmel i tilfeller der det ikke utleveres sensitive opplysninger.

##### *4.1 Tilgang for Kommunal- og regionaldepartementet (KRD)*

I e-post av 21.06.05 reises det spørsmål om utvidelse for KRDs tilgang til personopplysninger. Tilgang for KRD må begrenses til hvilket saklige behov departementet har. Datatilsynet er innstilt på å endre konsesjonen for tilfeller der KRD har instruksjonsrett. For tilgang utover dette, må behovet dokumenteres.

#### *5. Lagring av personopplysninger*

Hovedregelen i personopplysningsloven § 28 er at opplysninger skal slettes når formålet med behandlingen av dem er oppfylt. Datatilsynet antar at også annet regelverk vil være styrende for lagring av opplysningene (f.eks arkivloven). Datatilsynet anbefaler at man tar utgangspunkt i personopp-

lysningsloven § 28 hva gjelder opplysninger som er tilgjengelig i DUF, og finner andre løsninger for opplysninger som skal arkiveres i henhold til annet lovverk.

#### *6. Noen merknader til oversendt internkontroll*

Datatilsynet viser til vedlagte notat om internkontroll, samt den orientering som ble gitt i møtet den 08.06.05. Som nevnt i møtet, må UDI komplettere internkontrollsystemet herunder enkelte punkter for gjennomførende del (informasjonssikkerhet) og utarbeide rutiner for den kontrollerende del. Nærmere veiledning for dette arbeidet kan gis av tilsyns- og sikkerhetsavdelingen i Datatilsynet.

#### *7. Avsluttende merknader*

Datatilsynet er tilfreds med at UDI har ansatt en personvernkoordinator. Tilsynet anbefaler UDI å vurdere en mer formalisert tilknytning ved at personvernkoordinator søkes godkjent som Personvernombud. Mer informasjon om dette finnes på vår hjemmeside og kontaktperson i Datatilsynet er seniorrådgiver Christine Ulrichsen.

Deres tilbakemelding imøtesees.

Med hilsen

Knut-Brede Kaspersen (e f)  
avdelingsdirektør  
Guro Slettemark  
seniorrådgiver





